

---

**Fra:** Tonje Nepstad Epland  
**Sendt:** 1. oktober 2015 12:53  
**Til:** 'atle.jenssen@bergen.online.no'  
**Emne:** Kommuneplanens arealdel - Mangersnes

Hei

Dykkar e-post av 30. september 2015.

Eigedomen gbnr 44/47 ligg i område som etter kommuneplan for Radøy kommune er definert som område for LNF (landbruk-, natur- og friluftsliv). Eigedomen ligg ikkje innafor det området som har arealføremål LNF-SB (landbruk-, natur- og friluftsliv – spreidd bustad tillate). Sjå kartutsnitt under (det skarpe grønne er LNF-SB området). Dei andre eigedomane du nemnar ligg heller ikkje innafor LNF-SB området.

Arealdelen til kommuneplanen er eit uttrykk for overordna politiske arealstrategiar i Radøy kommune. Den visar ikkje faktisk bruk av einskilde eigedomar. Dei politiske arealstrategiane i Radøy kommune tilseier at *om* det skal leggjast ut byggeområder kring tettstaden Manger skal det skje i form av bustader, ikkje fritidsbustader.

Arealføremålet for gbnr 44/46 har ikkje vore vurdert eller endra på noko tidspunkt.

Det er ein omfattande prosess å endre arealføremål frå LNF område til byggeområde gjennom kommuneplanen. Her kor eigedomane ligg i strandsone gjeld i tillegg sentrale retningslinjer for strandsoneforvaltning som sett strenge rammar for bruk av strandsona i arealplanlegging.

I samband med neste rullering av kommuneplanen sin arealdel har dykk moglegheit for å kome med innspel om endring av arealføremål for desse eigedomane. Innspelet vil i så tilfelle verte vurdert politisk i Radøy kommune og av regionale styresmakhtar som del av kommuneplanprosessen.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
Leiar plan, byggesak og oppmåling/Juridisk rådgjevar

**Radøy kommune**  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger  
Tlf.dir: 56 34 90 50  
E-post: [tonje.epland@radoy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no)

